



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

adresseliste

Vår dato: **05 JUL 2010**

Vår ref.: 200801596-25 ki/ebth

Arkiv: 312/095.3Z

Dykkar dato: 17.6.2010

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Eirik Bjerke Thorsen

22 95 93 80

Vartdal Vassverk - Søknad om løyve til å etablere Svartevatna som vasskilde for Vartdal Vassverk i Ørsta kommune, Møre og Romsdal - høyring

NVE har motteke ein søknad frå Vartdal Vassverk, datert 17.06.2010, om løyve til å etablere Svartevatna som permanent naudvasskilde til Vartdal Vassverk i Ørsta kommune. Vassverket får i dag vatn frå Store Risaskardvatnet, som Tussa Energi AS regulerer til kraftproduksjon i Vartdal kraftverk. Vartdal Vassverk søker om løyve til å regulere Svartevatna med 3 meter mellom HRV (naturleg vasstand) på kote 617 og LRV på kote 614. Nedtappinga skal skje med ein 240 meter lang hevert med diameter på 300 mm. Det søkes samstundes om samtykke til ekspropriasjon av grunn og rettar som er nødvendig for å gjennomføre tiltaket.

Vartdal Vassverk har i 2001 og 2010 fått midlertidig løyve til nedtapping av Svartevatna. Den 02.03.2010 fekk Vartdal Vassverk pålegg frå NVE om enten å fjerne røyra som brukast til nedtapping av Svartevatna eller å søke løyve om permanent etablering av Svartevatna som naudvasskilde.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8 samt bestemmingane i oreigningslova § 12. Søknaden vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonsaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Geir Helge Johnsen på telefon 97105910 eller e-post: post@radgivende-biologer.no.

NVE ber Ørsta kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på servicekontoret fram til 1. september. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsamina frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonsaker så snart som mogleg og seinast innan 1. september. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Internett: www.nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Telefaks: 22 95 90 00

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Drammensveien 211
0212 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER
Telefon: 72 89 65 50

Region Nord
Kongens gate 14-18
Postboks 394
8505 NARVIK
Telefon: 76 92 33 50

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG
Telefon: 33 37 23 00


Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE
Telefon: 57 83 36 50


Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR
Telefon: 62 53 63 50



Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

For 
Øystein Grundt
seksjonssjef


Eirik Bjerke Thorsen
avdelingsingeniør

Vedlegg: 4 Søknad frå Vartdal Vassverk
Kunngjeringstekst
Informasjonsark
Adresseliste

Adresseliste for: Vartdal Vassverk – søknad om løyve til etablering av Svartevatna som vasskilde

Handsamast etter: Vassressurslova og oreigingslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Sunnmørsposten og Mørenytt

Tal på søknadar	Namn/adresse
5	Ørsta kommune, Dalevegen 6, 6150 Ørsta
	Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
	Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 6404 Molde
	Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal, Per Amdams vei 1A, 6413 Molde
	Naturvernforbundet i Møre og Romsdal v/Øystein Folden, 6630 Tingvoll
	NJFF – Møre og Romsdal, Per Amdamsvei 1A, 6413 Molde
	Molde og Romsdals Turistforening, postboks 486, 6401 Molde
	Tussa Energi AS, Langemyra 6, 6150 Ørsta
	Geir Hole, 6170 Vartdal
1	KM – RV

- KUNNGJERING -

Vartdal Vassverk – Søknad om løyve til å etablere Svartevatna som vasskilde for Vartdal Vassverk i Risaskardelva i Ørsta kommune

NVE har motteke ein søknad frå Vartdal Vassverk om løyve til å etablere Svartevatna som vasskilde i Ørsta kommune.

Vartdal Vassverk søker om løyve til å regulere Svartevatna med 3 meter mellom HRV (naturleg vasstand) på kote 617 og LRV på kote 614. Nedtappinga skal skje med ein 240 meter lang hevert med diameter på 300 mm. Det søkes samstundes om samtykke til ekspropriasjon av grunn og rettar som er nødvendig for å gjennomføre tiltaket.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov samt bestemmingane i oreigningslova § 12. Samtykke kan eventuelt gis av NVE i medhald av oreigningslova § 2 nr. 51. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på kommunens servicetorg og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Geir Helge Johnsen på tlf.: 971 05 910 eller e-post: post@radgivende-biologer.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **01.09.2010**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.



Orientering til høyringspartane

Generelt

NVE har heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av småkraftverk og andre vassdragstiltak. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjevne av Kongen i statsråd.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentleg gjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert óg lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom NVE gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggjefristar, vasslepping, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Kva vert forventa av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør vektleggje tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgivinga.

FK bør leggje vekt på kulturminne og friluftsliv som er særlege ansvarsområde.

Motsegn og klagerett

Det er ikkje krav om reguleringsplan etter plan- og bygningslova for tiltak der det krevjast konsesjonshandsaming etter vassressurslova. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i vassressurslova om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden.

NVE syner til våre nettsider for meir informasjon: www.nve.no/konsesjonssaker.